

Situasjonskart

- Situasjonskart inneheld opplysningar om eigedomen sine grenser, areal, høgdekoter og gards- og bruksnummer.
- Nokre kommunar leverer også opplysningar om offentlege leidningar for vatn - og avløp, regulerings situasjonen med byggelinjer, frisiktlinjer og senterlinjer i regulert veg.
- Det vert ofte lagt ved naboliste som viser kven som har heimel (eigarane) til naboeigedomane.

Når er det behov for situasjonskart?

- Ved byggesaker som er søknadspliktig.
- Ved søknad om deling av eigedom.
- Ved utsleppssaker som er søknadspliktig.

Kvar får eg tak i situasjonskart?

Du kan bestille situasjonskart og naboliste ved førespurnad til den kommunen der eigedomen ligg. Du kan ikkje utan vidare bruke kart som er henta frå internett. Eit offentlig situasjonskart har opplysningar om "økonomisk kart".

Andre kartunderlag:

- Kart over leidningar for offentlig vatn - og avløp *bør* ligge føre.
- Reguleringskart/"bebyggelsesplan" *bør* ligge føre. Reguleringskart *bør* vise byggelinjer, regulert gjerdelinje og siktlinjer. Pass på å få med reguleringsføresegner.

Dette må du sjølv syte for å få teikna inn på situasjonskartet før du sender det til kommunen:

Ved byggesak:

- Byggetiltaket med målsette avstandar til andre bygg, nabogrenser og vegar. Møneretning, støttemur, avkjøring, framtidig garasje og oppstillingsplass for bil.
- Det bør også verte vist sokkelhøgde, terrengendringar, ("skjæring", fylling, støttemurar o.l.).



- Huskeliste for situasjonsplan finn du [her](#).
- Eksempel på ein situasjonsplan for ny bustad kan du sjå [her](#).
- Eksempel på ein situasjonsplan for tilbygg og garasje kan du sjå [her](#).
- Forslag til skriftleg erklæring om redusert avstand til nabogrense finn du [her \(Word-format\)](#), eller [her \(Pdf-format\)](#).
- Treng du skriftleg erklæring for å legge leidning for vatn og avløp over nabogrunn?

Ved delingssøknad:

- Forslag til ny delelinje (grenselinje).
Delelinja skal i utgangspunktet ikkje verte lagt nærare eksisterande eller framtidig bygg enn 4 m. Vert grensa lagt nærare, vert det sett krav om skriftleg erklæring frå nabo om redusert avstand til nabogrense.
- Plassering av hus, garasje og oppstillingsplass for bil må verte vist både på ny og på attverande tomt.
- Alle bustadtomter (ny og eksisterande) må verte sikra veg, vann og avløp.
- Situasjonsplanen til delingssøknaden må vise korleis disse forholda er tenkt løyst.

Etter at du har teikna tiltaket inn på situasjonskartet vert det ein situasjonsplan.

OBS - 1! Skjulte objekt i grunnen.

I nokre høve kan det være naudsynt å avdekke kor det ligg offentlege leidningar for vatn - og avløp og reguleringssituasjonen med byggelinjer, gjerdelinjer, frisiktslinjer og senterlinjer i regulert veg. Dette kan ha konsekvensar for plassering av tiltaket.

OBS - 2! Plassering.

Som nemnt før, det er du som tiltakshavar som har ansvar for at tiltaket vert plassert rett i terrenget. Der du sjølv skal plassere eit tiltak i terrenget, slik at det vert i samsvar med situasjonsplanen og i samsvar med løyve frå kommunen, må du lese [her](#)